



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201006063
Arkivnr. 662
Sakshandsamar Ørnholt, Ruth

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	22.10.13	104/13

HØYRING - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM KVALIFIKASJONSKRAV FOR PERSONALE I FOLKEBIBLIOTEK

Kultur- og ressursutvalet **22.10.13**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

VEDTAK

1. Ein generell regel om at tre års praktisk erfaring kan kome i staden for bibliotekspesifikk påbygging, kan få uheldige konsekvensar og bør ikkje vere med i forskrifta.
2. Forskrifta bør innehalde ei føresegn om at fylkeskommunen kan nyttast som rådgjevar i samband med utlysing av biblioteksjefstillingar, og at ein må ta kontakt med fylkeskommunen dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar.
3. Fylkeskommunen må ha ansvar for å vurdere søknader om dispensasjon i kommunane, medan Nasjonalbiblioteket må handsame spørsmål som gjeld den bibliotekfaglege kompetansen i fylkeskommunen.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 29. oktober 2013

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mikhael Bertelsen



Arkivsak 201006063-13
Arkivnr. 662
Saksh. Ørnholt, Ruth

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	22.10.2013

HØYRING - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM KVALIFIKASJONSKRAV FOR PERSONALE I FOLKEBIBLIOTEK

SAMANDRAG

Kulturdepartementet la våren 2012 fram forslag til endring i lov om folkebibliotek. Forslaget blei sendt på høyring, og fylkesutvalet handsama saka 24. mai 2012. Stortinget handsama framlegget til endringar i Biblioteklova 17. juni 2013. Som ei følgje av lovendringa, har Kulturdepartementet sendt forslag til forskrift om kvalifikasjonskrav for personale i folkebibliotek ut på høyring, med høyringsfrist 8. november 2013.


Det har vore eit mål for departementet å utforme ny forskrift slik at ho blir enkel å forholde seg til i praksis. Høyringsbrevet legg vekt på at kompetanse er den viktigaste faktoren for å kunne tilby ei kvalitetsmessig forsvarleg bibliotekteneste.

Departementet ønskjer innspel på om tre års praktisk erfaring er tilfredsstillande for å kompensere for manglande formell kompetanse. Departementet meiner det er føremålstenleg at ansvaret for å vurdere søknader om dispensasjon framleis bør delegerast til Nasjonalbiblioteket. Fylkesrådmannen går i denne saka inn for at dette skal vere fylkeskommunen si oppgåve.


FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Ein generell regel om at tre års praktisk erfaring kan kome i staden for bibliotekspesifikk påbygging, kan få uheldige konsekvensar og bør ikkje vere med i forskrifta.
2. Forskrifta bør innehalde ei føresegn om at fylkeskommunen kan nyttast som rådgjevar i samband med utlysing av biblioteksjefstillingar, og at ein må ta kontakt med fylkeskommunen dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar.

3. Fylkeskommunen må ha ansvar for å vurdere søknader om dispensasjon i kommunane, medan Nasjonalbiblioteket må handsame spørsmål som gjeld den bibliotekfaglege kompetansen i fylkeskommunen.



Rune Haugsdal
fylkesrådmann



Anna Elisa Tryti
fylkeskultursjef

Vedlegg: Høring – Forslag til forskrift om kvalifikasjonskrav for personale i folkebibliotek

1. Bakgrunn

Kulturdepartementet la våren 2012 fram forslag til endring i lov om folkebibliotek (nr 108 om folkebibliotek. Folkebiblioteklova). Forslaget blei sendt på høyring, og fylkesutvalet handsama saka 24.mai 2012 (sak 136/12).

Stortinget handsama framlegget til endringar i Biblioteklova 17. juni 2013. Innstillinga frå regjeringa blei einstemmig vedteken, med unntak av at Kristeleg Folkeparti ville behalde § 6 – der kommunane var pålagt eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skolebiblioteka. Lova er gjeldande frå 1.januar 2014.

Som ei følge av lovendringa, har Kulturdepartementet sendt forslag til forskrift om kvalifikasjonskrav for personale i folkebibliotek ut på høyring med høyringsfrist 8.november 2013.

2. Kompetansekravet i framlegg til ny biblioteklov

§ 5 i gjeldande lov slår fast at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef ifølgje kvalifikasjonskrav fastsett i forskrift og retningsliner. Dersom kommunen ikkje får fagutdanna søkjar til utlyst biblioteksjefstilling, er det mogleg å få dispensasjon. Det kan søkjast om mellombels dispensasjon for to år under vilkår av at kandidaten gjennomgår eit utdanningsopplegg. Stillinga skal lysast ut igjen etter to år. Dersom det framleis ikkje melder seg ein kandidat med formell fagkompetanse, kan vedkommande som har vore i stillinga, få fast dispensasjon. Fast dispensasjon blir gitt på vilkår av at vedkommande gjennomgår eit meir omfattande utdanningsopplegg.

Det har vore eit mål for departementet å utforme ny forskrift, slik at ho blir enkel å forholde seg til i praksis. Samstundes blir det i høyringsbrevet lagt vekt på at kompetanse er den viktigaste faktoren for å kunne tilby ei kvalitetsmessig forsvarleg bibliotekteneste.

3. Kompetansekrav i ny biblioteklov

Den nye biblioteklova § 5 om kompetanse lyder:

«Alle kommuner skal ha fagutdannet biblioteksjef.»

Departementet kan dispensere frå bestemmelsen i særskilte tilfeller og gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.»

Når det gjeld kompetanse i fylkeskommunen, lyder den nye biblioteklova § 7:

«Fylkeskommunen skal ha bibliotekfaglig kompetanse på ledernivå til å gjennomføre fylkeskommunale bibliotekoppgaver. Departementet gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.»

3. 1 Forslag til forskrift

Det blir framheva i lovforarbeidet at det ved vurdering av dispensasjon vil bli lagt vekt på om kompetansekravet i staden kan oppfyllast ved samorganisering mellom kommunane, eller ved å tilby aktuelle kandidatar tilleggsutdanning.

Departementet legg til grunn eit likt kvalifikasjonskrav for den nye bibliotekloven § 5 om kompetanse i kommunale folkebibliotek og § 7 om fylkeskommunens bibliotekfaglege kompetanse.

3.1.1 Kvalifikasjonskravet i forskrifta

Departementet sitt framlegg:

§2 Kvalifikasjonskrav

«Biblioteksjefen er den faglige og administrative leder for kommunens samlede folkebibliotekvirksomhet. Ved utlysning av ledig stilling som biblioteksjef i kommunen skal det stilles krav om fagutdanning.

Med fagutdannet biblioteksjef i kommunen og bibliotekfaglig kompetanse i fylkeskommunen forstås kandidat med bachelor- eller høyere grad, der minst 120 studiepoeng bibliotekspesifikke fag inngår, eller kandidat med bachelor- eller høyere grad med minst 60 studiepoeng bibliotekspesifikk påbygning, eller tilsvarende utdanning.

Der en kandidats praktiske erfaring i bibliotek overstiger tre år, kan dette komme i stedet for den bibliotekspesifikke påbygningen.»

Departementet peiker på at det ikkje lenger er mogleg å knyte godkjenning av kompetanse til spesifikke utdanningstilbod, fordi det er fleire fag som er bibliotekrelevante. Det er også mange fag som kan kombinerast med bibliotekrelevante fag i ein bachelorgrad.

Framlegget om at realkompetanse kan kome i staden for formell utdanning er nytt, og departementet ønskjer innspel på om tre års praktisk erfaring er tilfredsstillande for å kompensere for manglande formell kompetanse.

VURDERING:

21 av 33 kommunar i Hordaland har fagutdanna biblioteksjef. Det er grunn til å tru at Biblioteklova sitt krav om dette har vore medverkande til at talet har auka og vore stabilt, men det er vanskeleg å få fagutdanna søkjarar til deltidstillingar i små kommunar. Det er 12 kommunar, med eitt årsverk eller mindre i biblioteket, som har problem med å oppfylle lovkravet. Det er etablert fem samarbeidsregionar i fylket, som omfattar 30 kommunar. Dei 12 kommunane som har biblioteksjef utan fagutdanning, er alle med i eit biblioteksamarbeid. På denne måten er det lagt til rette for at biblioteksjefar utan utdanning har fått auka kompetanse, deltaking i praksisfellesskap og eit forpliktande samarbeid med nabokommunar.

Det er positivt at ein i forskrifta tek høgde for differensierte utdanningar og kombinasjonar av utdanningar. Biblioteksjefane utan fagutdanning i Hordaland har nesten alle bachelor-grad eller meir. Ein generell regel om at realkompetanse kan kome i staden for bibliotekspesifikk påbygging kan få uheldige konsekvensar. Det er individuelle omsyn som må takast, som t.d. kor skikka den einskilde er til å gå inn i stillinga som biblioteksjef og om det er behov for tilleggsutdanning.

Fylkeskommunen sine lovpålagte bibliotekoppgåver omfattar kompetanseutvikling og rådgiving til lokale styresmakter. Fylkeskommunen har grundig kunnskap om kommunane og er ofte rådgivar for kommunar når ny biblioteksjef skal tilsetjast. I dialog med kommunen før utlysning, er det mogleg å gi innspel om at ein t.d. bør lyse ut heile stillingar eller søkje samarbeid om biblioteksjefstillinga med nabokommunen. Dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar, kan fylkeskommunen hjelpe med å finne tileggsutdanning til biblioteksjefar som ikkje har fagutdanning, eller få til samarbeid med nabokommunen, som har fagutdanna biblioteksjef.

Rolla til fylkeskommunen bør kome fram i forskrifta, som bør innehalde ei føresegn om at om at fylkeskommunen kan nyttast som rådgjevar i samband med utlysning av biblioteksjefstillingar, og at ein må ta kontakt med fylkeskommunen dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar.

3.1.2 Dispensasjonsadgang

Departementet sitt framlegg:

§3 Dispensasjonsadgang

«Nasjonalbiblioteket kan dispensere fra kravet om fagutdannet biblioteksjef dersom kommunen dokumenterer at det etter offentlig utlysning ikke har meldt seg kvalifisert søker. Ved avgjørelsen skal det legges vekt på om interkommunalt samarbeid med nabokommunen er vurdert.

En innvilget dispensasjon opphører når arbeidsforholdet til biblioteksjefen avsluttes».

Etter lovendringa er det berre høve til å søkje om fast dispensasjon. Det blir framheva i lovforarbeidet at det ved vurdering av dispensasjon, vil bli lagt vekt på om kompetansekravet i staden kan oppfyllest ved samorganisering mellom kommunar, eller ved å tilby aktuelle kandidatar tilleggsutdanning.

Departementet meiner det er føremålstenleg at ansvaret for å vurdere søknader om dispensasjon framleis bør delegerast til Nasjonalbiblioteket.

VURDERING:

Fylkeskommunen har tett og nært samarbeid med kommunane og kunnskap om den totale bibliotekfaglege kompetansen i kvar einskilt kommune. Fylkeskommunen kan vurdere om interkommunal kompetanse og samarbeid vil bidra til å erstatte manglande formell utdanning, og kan påverke kommunane til auka interkommunalt samarbeid på bibliotekfeltet. Ansvaret for å vurdere søknader om dispensasjon må difor delegerast til fylkeskommunen.

Spørsmål når det gjeld §7 – den bibliotekfaglege kompetansen i fylkeskommunen, må handsamast av Nasjonalbiblioteket.

4. Konklusjon

Det har vore eit mål for departementet å utforme ny forskrift slik at den blir enkel å forholde seg til i praksis. Høyringsbrevet legg vekt på at kompetanse er den viktigaste faktoren for å kunne tilby ei kvalitetsmessig forsvarleg bibliotekteneste.

Under kvalifikasjonskravet i framlegget til forskrift, er det forslag om at realkompetanse kan kome i staden for formell utdanning. Departementet ønskjer innspel på om tre års praktisk erfaring er tilfredsstillande for å kompensere for manglande formell kompetanse. Det er individuelle omsyn som må takast, som t.d. kor skikka den einskilde er til å gå inn i stillinga som biblioteksjef og om det er behov for tilleggsutdanning. Ein generell regel om at realkompetanse kan kome i staden for bibliotekspesifikk påbygging, kan få uheldige konsekvensar og bør ikkje vere med i forskrifta.

Rolla til fylkeskommunen bør kome fram i forskrifta, som bør innehalde ei føresegn om at fylkeskommunen kan nyttast som rådgjevar i samband med utlysing av biblioteksjefstillingar, og at ein må ta kontakt med fylkeskommunen dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar.

I framlegget til forskrift er det Nasjonalbiblioteket som kan *dispensere* frå kravet om fagutdanna biblioteksjef. Fylkeskommunen har tett og nært samarbeid med kommunane og kunnskap om den totale bibliotekfaglege kompetansen i kvar einskilt kommune. Fylkeskommunen kan vurdere om interkommunal kompetanse og samarbeid vil bidra til å erstatte manglande formell utdanning og kan påverke kommunane til auka interkommunalt samarbeid på bibliotekfeltet. Ansvaret for å vurdere søknader om dispensasjon må difor delegerast til fylkeskommunen.

Nasjonalbiblioteket må handsame spørsmål som gjeld den bibliotekfaglege kompetansen i fylkeskommunen.

